

HJORTEJAKT I HYEN

Politimeister Anstein >

Eg drog over fjorden frå Eid til Hyen for å sjekke at grava eg har ansvar for var stabilisert, ho hadd dansa lenge nok. Røyrvik'en hadde gjort bra jobb, og eg drog innover i Ommedalen for å besøke Oddbjørg, vidkjend for sitt omsorgs-gen. Styrtregnet som raserte Jølster for kort tid sidan ramma også Hyen. Båtbyggeriet Brødrene Aa, verdskjend for sine karbonbåter, fekk store skadar. I Ommedalen såg det heilt spinnvilt ut. Ei bru flaut vekk saman med ein låve og alt lausøyre. Styrtregnet var særst lokalt. Nabobygda Mjøllem på neste kolle gjekk klar, der gjekk dei i fjøssko.



Eg hadde plan om å få med meg oppstarten på hjortejakta neste dag. Oddbjørg ba meg leggje til nok ein dag, eg måtte jo få med meg resultatet. Eg har vore sommargjest i Gjengedal i over 50 år, men aldri fått med meg hjortejakta. Jaktfolket samla seg i slakteriet i Nils Ola tunet; 23 jegarar pluss ein kandidat på 10 år. Samtlige karar i orange caps med eit unnatak; ikkje capsen, men ei ho, Astrid-get-your-gun. Jaktleiar Nils Magne innleia med formaningar om alt dei skulle og ikkje skulle. Så trakk dei numre i Nils Magnes caps, og vart gruppert i henhald til planen for dagen. Medhjelpar Per Ove la så ut om nøyaktige detaljar og plasseringar i lendet. Så gjekk dei ut, og fann sine plassar. Oddbjørg, vennen Rune og eg kunne følgje med på jaktradioen, sindige stemmer som tidvis braut inn med små hint og beskjeder. Så plutseleg eit utbrot: «Den helvetes ura...»! Så atter sindighet og kviskring, minutt for minutt, time for time. Oddbjørg og Rune førebudde middag for flest mogleg gjestar. Som kom når dei kom.



Første jakt dag gav 11 dyr. Mykje arbeid, dei skulle flåast, hengast opp og modnast. Folk i Nordfjord tek livet som det kjem, styrtregn eller solskin. Min svigerson Per Ove hadde innestengd bursdagsfeiring på hytta ved Storevatnet på Gjengedalsstøyla saman med fru Linda og dotter Magdeli over ein boks lapskaus.

Alt vel på vestfronten!

